



Utval: Kommunestyret

Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset

Møtedato: 08.11.2018

Møtetid: 18:00 – 22:00

Fylgjande faste medlemmer var til stades:

Navn	Funksjon	Representerer
Svein Forberg Liane	Medlem	V
Halfdan Haugan	Ordfører	AP
Trond Johnsen	Medlem	AP
Jon Svartdal	Varaordfører	H
Eivind Skogheim	Medlem	AP
Hallgeir Ofte	Medlem	AP
Hanne Norgaard	Medlem	AP
Mona Helen Haugan	Medlem	AP
Edvard Mæland	Medlem	H
Gunnar Eilefstjønn	Medlem	H
Kristian Espeland	Medlem	KRF
John Olav Haugetuft	Medlem	SP
Henry Mæland	Medlem	SP
Beate Marie Dahl Eide	Medlem	SP
Lars Bjaadal	Medlem	SP
Liv Grethe Ekre	Medlem	SP
Peter Fjågesund	Medlem	MDG
Mogens Hougaard Iversen	Medlem	FRP

Fylgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Solveig Sundbø Abrahamsen	MEDL	H
Pia Groven-Robertsen	MEDL	H
Marianne Vadder	MEDL	SP

Fylgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Asbjørn Storrusten	Solveig Sundbø Abrahamsen	H
Marita Byggstøyl Dyrland	Marianne Vadder	SP

Til stades frå administrasjonen:

Navn	Stilling
Finn-Arild Bystrøm	Rådmann
Frid Berge	Kommunalsjef
Lillian Olsen Opedal	Kommunalsjef
Even Fossum Svendsen	Kommunalsjef

Andre:

Navn	Representerer
Geir Anders Jensen	Granvin kulturhus
Geir Midtbø	Prosjektkoordinator for samanslåing av NAV kontora

Protokollunderskrifter:

Halfdan Haugan

Henry Mæland

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka
	Referatsaker	
RS 29/18	Referatsak	
	Saker til handsaming	
PS 61/18	Godkjenning av protokoll frå forrige møte	
	Referatsaker	
RS 30/18	Åmotsdal daglegvare AS/Nærbutikken i Åmotsdal - Søknad om løyve til sal av alkoholhaldig drikk med lågare alkoholinnhald enn 4,76 volumprosent	
RS 31/18	Skjenkeløyve - Nordbygdi pub- og bardrift AS	
RS 32/18	Nordbygdi pub- og bardrift AS - Prikktildeling - Brudd på alkohollova § 1-7c	
RS 33/18	Wassanas Thaimat AS - Prikktildeling - Brudd på alkohollova § 1-7c	
RS 34/18	Charm's Kinamat AS - Prikktildeling - Brudd på alkohollova § 1-7c	
RS 35/18	Masterplan Bærekraftig reiseliv i Vest-Telemark- midlar til forstudie	
RS 36/18	Søknad om salsløyve - Rema 1000 Seljord	
RS 37/18	Rullering av kulturplan for grunnskulen 2018-2021	
RS 38/18	Administrasjonsundersøkelsen 2018 frå Agenda Kaupang	
RS 39/18	Hegna Camping DA - Søknad om endring i løyve til sal av alkoholhaldig drikk med lågare alkoholinnhald enn 4,76 volumprosent	
RS 40/18	Innspel til revitalisering av Vest-Telemarkrådet frå Seljord kommune	
RS 41/18	Prosjekt Betre Tverrfagleg Innsats, BTI	
	Saker til handsaming	
PS 62/18	Samarbeidet om felles NAV-kontor for Seljord, Vinje, Kviteseid, Nissedal og Tokke - § 28 vertskommuneavtale	
PS 63/18	Oppfølging av vedtak i sak 36/18 - Lokale til brannstasjon og teknisk drift	
PS 64/18	Rapportering Arbeidsprogram 3. kvartal	
PS 65/18	Endring i storleiken i talet på kommunerepresentantar for perioden 2019-2022	
PS 66/18	Budsjettkontroll driftsbudsjettet 2018 per 15.09.2018	
PS 67/18	Finansforvaltning - Rapportering, kontroll og risikovurderingar	
PS 68/18	Praktisering av gratisprinsippet i grunnskulen Seljord kommune	
PS 69/18	Rullering kommuneplanens handlingsprogram 2019 -2022	

Referatsaker

RS 29/18 Referatsak

Saker til handsaming

PS 61/18 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Handsaming i Kommunestyret - 08.11.2018

Protokollen frå møtet 6. september vart samrøystes godkjent.

Vedtak i Kommunestyret - 08.11.2018

Protokollen frå møtet 6. september er godkjent.

Referatsaker

RS 30/18 Åmotsdal daglegvare AS/Nærbutikken i Åmotsdal - Søknad om løyve til sal av alkoholhaldig drikk med lågare alkoholinnhald enn 4,76 volumprosent

RS 31/18 Skjenkeløyve - Nordbygdi pub- og bardrift AS

RS 32/18 Nordbygdi pub- og bardrift AS - Prikktildeling - Brudd på alkohollova § 1-7c

RS 33/18 Wassanas Thaimat AS - Prikktildeling - Brudd på alkohollova § 1-7c

RS 34/18 Charm's Kinamat AS - Prikktildeling - Brudd på alkohollova § 1-7c

RS 35/18 Masterplan Bærekraftig reiseliv i Vest-Telemark- midlar til forstudie

RS 36/18 Søknad om salsløyve - Rema 1000 Seljord

RS 37/18 Rullering av kulturplan for grunnskulen 2018-2021

RS 38/18 Administrasjonsundersøkelsen 2018 frå Agenda Kaupang

RS 39/18 Hegna Camping DA - Søknad om endring i løyve til sal av alkoholhaldig drikk med lågare alkoholinnhald enn 4,76 volumprosent

RS 40/18 Innspel til revitalisering av Vest-Telemarkrådet frå Seljord kommune

RS 41/18 Prosjekt Betre Tverrfagleg Innsats, BTI

Saker til handsaming

PS 62/18 Samarbeidet om felles NAV-kontor for Seljord, Vinje, Kviteseid, Nissedal og Tokke - § 28 vertskommuneavtale

Rådmannen si tilråding:

Samarbeids-/vertskommuneavtale mellom kommunane Seljord, Vinje, Kviteseid, Nissedal og Tokke om felles NAV-kontor, vert godkjent som den ligg føre.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 01.11.2018

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 01.11.2018

Samarbeids-/vertskommuneavtale mellom kommunane Seljord, Vinje, Kviteseid, Nissedal og Tokke om felles NAV-kontor, vert godkjent som den ligg føre.

Handsaming i Kommunestyret - 08.11.2018

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 08.11.2018

Samarbeids-/vertskommuneavtale mellom kommunane Seljord, Vinje, Kviteseid, Nissedal og Tokke om felles NAV-kontor, vert godkjent som den ligg føre.

PS 63/18 Oppfygging av vedtak i sak 36/18 - Lokale til brannstasjon og teknisk drift

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår formannskapet gjere fylgjande vedtak: Formannskapet rår kommunestyret til å vedta at det skal jobbast vidare med nye lokalitetar (Alternativ IV – Kjøp av tomt og nybygg) for brannstasjon/teknisk drift som del av investeringsbudsjettet for 2019. Endeleg avgjersle vil takast i samband med budsjettvedtak i desember 2018.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 01.11.2018

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 01.11.2018

Formannskapet rår kommunestyret til å vedta at det skal jobbast vidare med nye lokalitetar (Alternativ IV – Kjøp av tomt og nybygg) for brannstasjon/teknisk drift som del av investeringsbudsjettet for 2019. Endeleg avgjersle vil takast i samband med budsjettvedtak i desember 2018.

Handsaming i Kommunestyret - 08.11.2018

Framlegg frå Høgre/Arbeidarpartiet v/ Eivind Skogheim;

Saka vert utsatt og det utarbeidast fleire alternativ der ein også vurderer ein oppgradering av eksisterande lokale. Garderobe og matrom kan eventuelt plasserast i eit anna bygg. Ein ber om at det blir lagt fram for kommunestyret i løpet av våren.

Framlegg frå Mogen H. Iversen, Frp;

Jeg ønsker å utsette saken til 2019 grunnet kommunens svake økonomi pr i dag. Jeg mener at dette bør være med i budsjettet for 2019.

Votering over tre forslag:

Forslag til FRP: Falt mot 1 stemme (Mogens H. Iversen stemte for).

Forslag til Høgre/Arbeidarpartiet mot formannskapet.

Samrøystes for Høgre/Arbeidarpartiet forslag.

Vedtak i Kommunestyret - 08.11.2018

Saka vert utsatt og det utarbeidast fleire alternativ der ein også vurderer ein oppgradering av eksisterande lokale. Garderobe og matrom kan eventuelt plasserast i eit anna bygg. Ein ber om at det blir lagt fram for kommunestyret i løpet av våren.

PS 64/18 Rapportering Arbeidsprogram 3. kvartal

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår til å fatte fylgjande vedtak:

Kommunestyret tek rapportering av arbeidsprogram 3.kvartal 2018 til vitande.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 01.11.2018

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 01.11.2018

Kommunestyret tek rapportering av arbeidsprogram 3.kvartal 2018 til vitande.

Handsaming i Kommunestyret - 08.11.2018

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 08.11.2018

Kommunestyret tek rapportering av arbeidsprogram for 3.kvartal 2018 til vitande.

PS 65/18 Endring i storleiken i talet på kommunerepresentantar for perioden 2019-2022

Viktig av medlemstalet i kommunestyre:

Kommunelova gir ein rettleiing på storleiken av kommunestyret. Medlemstalet skal vera ulikt og vera på minst 11 medlemmar for kommunar som ikkje er over 5000 innbyggjarar¹. I Seljord er vi per 30. september 2018, 2924 innbyggjarar² og 21 medlemmar i kommunestyre.

Kommunestyre vel sjølve talet på kor mange medlemmer kommunestyret skal ha, utover minimumskravet i Kommunelova. Endringar av medlemstalet må bli vedteke av kommunestyre seinast 31. desember i nest siste år av valperioden, med verknad for komande valperiode³. Andre utval/hovudutval som ikkje er lovpålagte kan kommunestyre oppretta og leggja ned når det er eit fleirtal for dette.

Kviteseid kommune har i kommunestyre 18. oktober 2018 vedteke å redusere talet på medlemmar i kommunestyre frå 21 til 17 representantar. Dei opprettheld talet på 7 medlemmar i formannskapet, og la ned deira to hovudutval:

- Hovudutval samfunnsutvikling og teknisk drift
- Hovudutval for oppvekst og omsorg

Grunngjevinga var todelt:

1. Politisk organisering:
Samde om at hovudutvalstrukturen bør fjernast, sjølv om eit hovudutval kan vera ein god læringsplattform for nye politikarar. Sakne burde kunne handsamast på ein kvalitativ god måte i formannskapet.
2. Godtgjering til politisk arbeid:
Ein reduksjon i talet i kommunestyre og hovudutval, gjer ein reduksjon i utgiftene til politisk verksemd.

For at endringa skal kunne gjerast fokuserer dei på element som kan bidra til å rekruttere og behalde folkevalte. Slik som god informasjon om kva ein folkevaltsrolle er, ha ein kvalitativ vurdering for kva vedlegg som sendast med sakane til politisk handsaming i kommunestyre og formannskap, og ha ein bevisstheit for når og kor lenge politiske møta skal finne sted. Dei same argument som Kviteseid har lagt til grunn kan overførast til Seljord.

Andre moment som er gjeldande for Seljord er at vi er i ein vanskeleg økonomisk situasjon opp mot å få budsjett 2019 og komande økonomiplan i ballanse. I tillegg er vi eit godt stykke unna å oppnå dei økonomiske måltall kommunestyre sjølve har vedteke og fylkesmannen har råda oss til. Ein reduksjon i talet på medlemmar i kommunestyre gir også ein viss økonomisk innsparing.

Angående økonomi for drift av politisk verksemd:

For 2017 brukte Seljord kommune rundt 1 400 000 kr på politisk verksemd. Då er ikkje politikaranes reiseverksemd og diett tatt med.

Ein reduksjon på medlemmar i kommunestyre er vanskeleg å talfeste eksakt, då medlemane har forskjellige refusjonsrettigheitar.

¹ Kommunelova §7-2a)

² Folkeregisteret

³ Kommunelova §7-3

I sak 89/15 i kommunestyre 3. september 2015 ble følgende satsar vedteke;

Verv	Gjeldande satsar
Leiar av plan, miljø og teknisk utval	Kr 30 000,00
Møtegodtgjersle formannskap og plan, miljø og teknisk utval	Kr 1680,00
Møtegodtgjersle Administrasjonsutval	Kr 400,00
Møtegodtgjersle kommunestyre	Kr 1000,00
Leiar Kontrollutvalet	Kr 12 000,00
Andre kommunale nemnder og ad hoc utval	Kr 500, 00

I tillegg har enkelte folkevalte eit rettmessig krav på tapt arbeidsforteneste og omsorgsgodtgjersle;

	Totalt	Snitt pr møte
Totalt tapt arbeidsforteneste 2017 (7 møter)	Kr 251 609	Kr 35 944

	Årskost m 21 medlemmar – 100%	Årskost m 17 medlemmar - 80%	Årskost m 11 medlemmar - 50%
Møtegodtgjersle kommunestyre med snitt på 7 møta	147 000 kr	119 000 kr	77 000 kr
Tapt arbeidsforteneste snitt i 2017	251 609	201 287 kr	125 804 kr
Ordførars godtgjersle 2017	830 000 ⁴ kr	830 000 kr	830 000 kr
Varaordførars godtgjersle, 20% av ordførars	172 000 kr	172 000 kr	172 000 kr
Totalt pr år (estimera)	1 400 000 kr	1 322 287 kr	1 204 804 kr

Samansetninga på kor mange som har eit rettmessig krav på tapt arbeidsforteneste kan variere frå kommunestyreperiode til kommunestyreperiode. Men både talet på møta og medlemmar gjer mindre utgifter til politisk verksemd.

Oppsummering og vurdering av politisk struktur

Angående Formannskapet

Erfaringane Kviteseid har gjort seg i sin saksutgreiing gjer at dei opprettheld talet på 7 medlemmar i formannskapet. Dei grunngjev det med at dynamikken i dei politiske debattane blir betre med 7 i stade for 5 medlemmar. Dette er sama erfaring rådmann har frå Tinn kor dei gjekk frå 7 til 5 medlemmar i hovudutval for denne perioden.

Formannskapet handsama:

	Politiske saker (PS)	Referatsaker (RS)
2017	109	140
2018 pr 1.nov 2028	82	55

Angående hovudutval Plan, miljø og teknisk drift:

Kviteseid valte å leggje ned sine hovudutval og leggje sakane til formannskapet. I Seljord har hovudutvalet handsama:

	Politiske saker (PS)	Referatsaker (RS)
2017	48	163
2018 pr 10.okt 2018	40	179

⁴ Auka til 860 000 kr, 1. des 2017

Talet på sakar visar at det er ein relativt høg aktivitet i utvalet. Dersom hovudutvalet leggast ned har man fleir moglegheiter for korleis sakane kan handsamast;

1. Administrasjonen får auka delegeringsmynde for avgjersle i utvalets sakar
2. Formannskapet og kommunestyre får fleire sakar til handsaming
3. Kombinasjon av 1 og 2

Ein av styrkane i å oppfylle slagordet for kommunen, Det gode vertskap, er at dette hovudutvalet har relativt hyppige møter, eller kan raskt møtast for ein avgjersle. Dette ville man også kunne oppnå ved å leggje sakane til formannskapet, men mengda sakar begynnar då å bli stor for eit utval.

Saksmengda hovudutval Plan, miljø og tekniske tenester i seg sjølve gjør at hovudutvalet bør oppretthaldast. I tillegg kjem argumentet for å spreie politisk makt og innflytelse, og gje fleire arenaer for engasjement og opplæring for dei folkevalte.

Angående kommunestyre:

Kommunelova opnar for at talet på kommunestyremedlemmar i ein kommune på under 5000 innbyggjarar kan vera på minst 11 medlemmar⁵. Når dette "kan" er lovfesta legg rådmannen til grunn at dette talet frå lovgivars side er utreda som eit kvalitetsmessig forsvarleg nivå.

Det er likevel kommunestyre som avgjer talet på medlemmar til kommunestyre, utover at det må minst vera 11 medlemmar. Det kan vera mange gode politiske vurderingar som gjer at talet bør vera høgare enn minstekravet til Kommunelova. Økonomisk gjev ein reduksjon frå 21 til 11 medlemmar størst utslag.

Angående godtgjersler:

9. september 2019 er det kommune- og fylkestingval. Det siste kommunestyremøte for perioden 2015-2019 skal som god kutyme handsama godtgjersler for det påtroppande kommunestyre. Det bør opprettast ein politisk ad hoc arbeidsgruppe som legg fram ein innstilling for nye godtgjersler til dette møte. Arbeidsgruppa bør vera sat saman av representantar frå både posisjon, opposisjon og administrasjonen som også bidreg som ad hoc utvalsekretær.

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyre reduserast frå 21 til 11 medlemmar frå kommunestyreperioden 2019-2023.

Det veljast ein ad hoc arbeidsgruppe bestående av representantar frå posisjonen, opposisjonen og administrasjonen for å leggje fram eit forslag til nye godtgjersler for kommunestyreperioden 2019-2023 til siste møte i denne kommunestyreperioden.

⁵ Kommunelova § 7-2a)

Handsaming i Kommunestyret - 08.11.2018

Framlegg frå AP og Høgre v/ Hanne Norgaard;

Det veljast ei ad hoc-gruppe som skal arbeide fram eit forslag til ny politisk struktur og nye godtgjersler for kommunestyreperioden 2019 – 2023.

Gruppa skal vera samansett av til saman fire representantar frå posisjonen og opposisjonen.

Ein representant frå Ap, Høgre og Sp, og ein representant frå KrF, Frp, Mdg eller Venstre.

Administrasjonen er sekretær for gruppa.

Gruppas forslag leggjast fram til handsaming for kommunestyret 13. desember 2018.

Samrøystes for framlegg frå AP/Høgre.

Vedtak i Kommunestyret - 08.11.2018

Det veljast ei ad hoc-gruppe som skal arbeide fram eit forslag til ny politisk struktur og nye godtgjersler for kommunestyreperioden 2019 – 2023.

Gruppa skal vera samansett av til saman fire representantar frå posisjonen og opposisjonen.

Ein representant frå Ap, Høgre og Sp, og ein representant frå KrF, Frp, Mdg eller Venstre.

Administrasjonen er sekretær for gruppa.

Gruppas forslag leggjast fram til handsaming for kommunestyret 13. desember 2018.

Ad hoc gruppas medlemmer er; Leiar Edvard Mæland, Trond Johnsen, Mogens H. Iversen, Lars Bjaadal. Rådmannen er sekretær.

PS 66/18 Budsjettkontroll driftsbudsjettet 2018 per 15.09.2018

Rådmannen si tilråding:

- Kommunestyret tek budsjettkontrollen til vitande.
- Rådmannen må syte for at programområda så langt råd er held rammene sine.
- Mindreforbruk på rullering av kommuneplanen (kr 500.000) og mindreforbruk av "søkologmidlar" (kr 100.000), vert tilbakeført til disposisjonsfondet.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 27.09.2018

Samrøystes vedteke med 6 stemmer.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 27.09.2018

- Kommunestyret tek budsjettkontrollen til vitande.
- Rådmannen må syte for at programområda så langt råd er held rammene sine.
- Mindreforbruk på rullering av kommuneplanen (kr 500.000) og mindreforbruk av "søkologmidlar" (kr 100.000), vert tilbakeført til disposisjonsfondet.

Handsaming i Kommunestyret - 08.11.2018

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 08.11.2018

- Kommunestyret tek budsjettkontrollen til vitande.

- Rådmannen må syte for at programområda så langt råd er held rammene sine.
- Mindreforbruk på rullering av kommuneplanen (kr 500.000) og mindreforbruk av "søkologmidlar" (kr 100.000), vert tilbakeført til disposisjonsfondet.

PS 67/18 Finansforvaltning - Rapportering, kontroll og risikovurderingar

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret tek finansrapporteringa til vitande.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 27.09.2018

Samrøystes vedteke med 6 stemmer.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 27.09.2018

Kommunestyret tek finansrapporteringa til vitande

Handsaming i Kommunestyret - 08.11.2018

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 08.11.2018

Kommunestyret tek finansrapporteringa til vitande.

PS 68/18 Praktisering av gratisprinsippet i grunnskulen Seljord kommune

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 27.09.2018

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 27.09.2018

Polentur for 10. klasse blir avvikla med verknad frå hausten 2020. Kommunen stiller inntil 100 000 kr (40 elevar x 2 500 kr) til disposisjon for tur/opplegg med 10. klasse der skulen organiserer og gjennomfører ein tur med fagleg og sosialt innhald i samsvar med gjeldande læreplanar, lov og forskrift. Skulen bør saman med foreldreutvalet og elevrådet vurdere formål, innhald og organisering av turen. Meirkostnad på om lag 20 000 kr må ungdomsskulen dekkje innanfor den økonomiske ramma til skulen.

Ein ber skulane og foreldreutvala i løpet av 2018/19 vurdere andre aktivitetar ved skulane og sikre at desse blir gjennomført etter intensjonen med gratisprinsippet i Opplæringslova.

Det er viktig at elevråd og foreldreutval med jamne mellomrom drøftar praktisering av gratisprinsippet for å sikre god og rett praksis ved den enkelte skule.

Handsaming i Kommunestyret - 08.11.2018

Framlegg frå Høgre og Ap v/ Hallgeir Ofte:
Fråfalt til fordel for Edvard Mælands reviderte utkast.

Framlegg frå Sp, Venstre og Mdg v/ Beate Marie Dahl Eide:

Kommunestyret ber rådmannen syte for at gratisprinsippet i grunnskulen vert etterlevd ved alle skulane i kommunen.

Polentur for 10. klasse blir avvikla med verknad frå hausten 2020. Frå 2020 stiller kommunen inntil 100 000 kr (40 elevar x 2 500 kr) til disposisjon for tur/opplegg med 10. klasse der skulen organiserer og gjennomfører ein tur med fagleg og sosialt innhald i samsvar med gjeldande læreplanar, lov og forskrift. Skulen bør saman med foreldreutvalet og elevrådet vurdere formål, innhald og organisering av turen. Meirkostnad på om lag 20 000 kr må ungdomsskulen dekkje innanfor den økonomiske ramma til skulen.

Når det gjeld Polentur for 10.klasse i 2019 ber kommunestyret rådmannen ha ein dialog med skulen og dei føresette, og legge fram ei sak i samband med budsjettet for 2019 om korleis ein kan få gjennomført denne i tråd med gratisprinsippet.

Ein ber skulane og foreldreutvala i løpet av 2018/19 vurdere andre aktivitetar ved skulane og sikre at desse blir gjennomført etter intensjonen med gratisprinsippet i Opplæringslova. Det er viktig at elevråd og foreldreutval med jamne mellomrom drøftar praktisering av gratisprinsippet for å sikre god og rett praksis ved den enkelte skule.

Nytt revidert framlegg frå Høgre og AP v/ Edvard Mæland:

Seljord kommunestyre ser viktigheten av å oppretthalde dette tilbudet i grunnskulen, og vil derfor støtte opp om tilbudet med følgjande forslag til vedtak: Seljord kommune aukar tilskotet til polentur frå 2500,- kr til 3.500,- kr pr elev. Totalt vil da turen koste kommunen 140.000,- kr (40 elevar x 3.500,- kr). I tillegg kjem utgifter til dekning av eigendel og løn for lærarar. Organisering av dugnadinnsats må ikkje vera i strid med gratisprinsippet. Saka innarbeidast i budsjett for 2019 og økonomiplan.

Nytt revidert framlegg frå Sp, Venstre og Mdg v/ Beate Marie Dahl Eide:

Kommunestyret ber rådmannen syte for at gratisprinsippet i grunnskulen vert etterlevd ved alle skulane i kommunen.

Frå 2020 stiller kommunen inntil 140 000 kr (3500 per elev) til disposisjon for Polen-tur/opplegg med 10. klasse der skulen organiserer og gjennomfører ein tur med fagleg og sosialt innhald i samsvar med gjeldande læreplanar, lov og forskrift. Skulen bør saman med foreldreutvalet og elevrådet vurdere formål, innhald og organisering av turen. Om det er ynskjeleg med eit opplegg som kostar meir enn kommunen sitt bidrag, må dette løysast i tråd med gratisprinsippet.

Når det gjeld Polentur for 10.klasse i 2019 ber kommunestyret rådmannen ha ein dialog med skulen og dei føresette, og legge fram ei sak i samband med budsjettet for 2019 om korleis ein kan få gjennomført denne i tråd med gratisprinsippet.

Ein ber skulane og foreldreutvala i løpet av 2018/19 vurdere andre aktivitetar ved skulane og sikre at desse blir gjennomført etter intensjonen med gratisprinsippet i Opplæringslova. Det er viktig at elevråd og foreldreutval med jamne mellomrom drøftar praktisering av gratisprinsippet for å sikre god og rett praksis ved den enkelte skule.

Rådmann bad om vurdering for å utsette saka til møtet 13.12 då saka har klare økonomiske konsekvensar og derfor bør sjåast opp i mot prioriteringar i resten av budsjett og økonomiplan.

Ordførar gjorde framlegg om utsetting til kommunestyre 13. desember og det vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 08.11.2018

Saka vert utsatt til kommunestyre 13. desember.

PS 69/18 Rullering kommuneplanens handlingsprogram 2019 -2022

Rådmannen si tilråding:

Rådmann rår kommunestyret til å leggje rådmannens framlegg til Samfunnsdelens handlingsprogram 2019 - 2022, ut til offentleg ettersyn i 30 dagar jamfør PBL § 11.4.

Handsaming i Kommunestyret - 08.11.2018

Framlegg frå Sp, Venstre og MDG v/ Henry Mæland:

Mål 1.2 Strategi 1.2.1 nytt punkt:

Leggje til rette for nye tomter til bustadbygging i heile kommunen gjennom romsleg praktisering av regelverket for frådelling av tomter der det kan ligge til rette for bustadbygging.

Nytt tillegg frå SP v/ Beate Marie Dahl Eide;

Punkt 3.5 Mål

Seljord skal vere kjent som ei grøn og berekraftig arrangements bygd

Forslag: Oppretthalde prioriteringa på 2018-2021.

Framlegg frå SP, Venstre og MDG v/ Henry Mæland; Samrøystes vedteke.

Framlegg frå SP v/ Beate Marie Dahl Eide; Samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 08.11.2018

Mål 1.2 Strategi 1.2.1 nytt punkt:

Leggje til rette for nye tomter til bustadbygging i heile kommunen gjennom romsleg praktisering av regelverket for frådelling av tomter der det kan ligge til rette for bustadbygging.

Punkt 3.5 Mål

Seljord skal vere kjent som ei grøn og berekraftig arrangements bygd.

Endre til opprinneleg prioritering på 2019-2022.